



Brus og andre søte drikker

Regneoppgåver

Oppgave 1

I $\frac{1}{2}$ liter sukra brus er det ei sukkermengd som tilsvarer 25 sukkerbitar.

Kor mange sukkerbitar tilsvarer sukkerinnhaldet i ei $1 \frac{1}{2}$ litersflaske?

Bruk to tomme brusflasker ($\frac{1}{2}$ liter og $1 \frac{1}{2}$ liter) og ha i det rette talet på sukkerbitar. La flaskene stå til "skrekk og åtvaring" på skolekjøkkenet eller i klasserommet.

Oppgave 2

a. Dersom du drikk $\frac{1}{2}$ liter brus dagleg, kor mange liter brus vil du få i deg i løpet av eit år? Kor mange kg sukker får du i deg gjennom denne mengda brus? For å rekne ut dette må du vite at 1 liter brus inneheld 100 g sukker.

b. Dersom du drikk $\frac{1}{2}$ liter brus tre gonger kvar veke, kor mange liter brus vil du da få i deg i løpet av eit år? Kor mange kg sukker får du i deg gjennom denne mengda brus?

c. Dersom du drikk $\frac{1}{2}$ liter brus berre ein gong i veka i staden for kvar dag, kor mykje mindre sukker vil du få i deg?

Registrering av eige inntak av sukra brus

Set inn skjema for registrering.

Rekn ut det gjennomsnittlege inntaket av brus i klassen i løpet av ei veke.

- a. Korleis ligg dette gjennomsnittet i høve til det gjennomsnittlege inntaket pr veke i Noreg som er på ca $1 \frac{1}{2}$ liter?
- b. Korleis ligg ditt eige inntak i høve til gjennomsnittet i klassen og gjennomsnittet i Noreg?

Intervju

Intervju foreldre og/eller besteforeldre og spør om dette:

1. Kor ofte drakk du brus da du var like gammal som meg?
2. Kor store var dei vanlegaste brusflaskene den gongen du var like gammal som meg?
3. Kvifor trur du ungdom i dag drikk meir brus enn de gjorde?

Du kan gjerne formulere fleire spørsmål sjølv.

Skriv ned svara og ta dei med til klassen. Dei kan vere utgangspunkt for ein klassediskusjon.

Lag utstillingar

På 1950-talet drakk nordmenn gjennomsnittleg ca. 8 liter brus i året. I 2004 drakk vi 79 liter i gjennomsnitt, altså ca. ei tidobling. I ein liter brus er det 100 g sukker.

- a. Rekn ut kor mykje sukker vi fekk i oss frå brus på 50-talet og i 2004.
- b. Kjøp inn sukker som tilsvarer summen av sukkerinntaket på dei to tidspunkta. Lag ei lita utstilling de kan ha i klasserommet eller på skolekjøkkenet som viser sukkerinntaket i Noreg på 1950-talet og i 2004.
- c. Bruk tal frå rekneoppgåvene og kjøp inn eller ta bilete av den suktermengda du får i deg i løpet av året dersom du drikk $\frac{1}{2}$ liter sukra brus dagleg.

Diskusjonsoppgåver

1. Diskuter i klassen kva de trur er årsakene til at nordmenn drikk så mykje meir brus no enn på 50-talet. Ta eventuelt utgangspunkt i dei svara de fekk da de intervju foreldra og/eller besteforeldra.
2. Det er no mest vanleg at sukkerhaldig brus har skrukork på flaskene. I "gamle dagar" hadde alle brusflasker slike korkar som blir brukte på mellom anna ølflasker.

Korleis trur de dette skiftet av korkar har påverka måten vi drikk brusen på? Kva inneber dette for tannhelsa?